

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen	
Tid og stad	Tysdag 18.02.25 kl. 09-14, Finstua, Bikuben kurs- og konferansesenter
Til stade	FFO: Eli Sjo, Michael Sønnesyn, Marianne Sundvor, Lene Nilsen, SAFO: Christel Bersaas-Nesse, Pensionistforbundet: Torveig Botnen, Prolarnett: Christine Lønne, Vestland Innvandrarråd: Everline Mjømen, Kreftforeininga: Atle Grung Eide. Seksjon for samhandling: Randi Bjørgen Johannessen (referent)
Fråvær	Renate Toft (SAFO), Maria Stokke Mindestrømmen (FFO), Merete Eide Hernes (Seksjon for samhandling)

Sak	Saka gjeld
25/10	<p><b>Godkjenning av dagsorden og innkalling av dagsorden</b> <b>Godkjenning av referat frå møtet 22.01.2025</b></p> <p><b>Avgjerd:</b> <i>Referat frå møtet 22.01.25, innkalling og dagsorden er godkjend.</i></p>
25/11	<p><b>Pasientens prøvesvar i Kjernejournal v/ konsulent Olav Loen og konsulent Runar Sletthei.</b> Prøvesvaret til pasienten er ei ny teneste som er under teknisk utprøving. Tenesta skal komme behovet i møte for å tilgjengeleg gjere alle prøvesvar på tvers av behandlingsnivå, uavhengig av kven som har bestilt undersøkinga og kvart ho er utført. Innbyggjarar vil få tilgang til alle prøvesvara sine i Helse Norge, og kan ta ein større eigarskap til eiga helse og kven som skal få tilgang til prøvesvara. Helsepersonell som behandlar pasienten, kan sleppe å etterlyse informasjon hos andre kjelder, noko som kan bidra til raskare diagnostisering og betre kvalitet i helsetenestene. Pasienten kan reservere seg mot at prøvene blir sende inn i Nasjonal database, då vil ikkje prøvesvara visast i Helse Norge.</p> <p>Innføringsplan i Helse Vest:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teknisk utprøving med utvalde fastlegar 2023 – 2025</li> <li>2. Svarrapportar frå eksterne rekvirentar (fastlegar) blir tilgjengeleg i Kjerne journal-portal og innbyggjar kan sjå desse prøvesvara på Helse Norge 2025-</li> <li>3. Svarrapportar frå nasjonal prøvesvarteneste blir viste direkte i behandlar pasientjournalssystemet sitt, DIPS ara (2026/2027)</li> <li>4. Svarrapport frå interne rekvirentar på sjukehuset blir tilgjengeleg (2026/2027) og innbyggjar kan etter kvart sjå dei aller fleste prøvesvara på Helse Norge.</li> </ol> <p><b>Avgjerd:</b> <i>Brukerutvalget takker for informasjonen og tar den til orientering.</i></p>
25/12	<p><b>Kva røra seg i sjukehuset? V/administrerende direktør Eivind Hansen</b> Serien Barnesjukehuset har premiere 3. mars på NRK1. Dokumentarserien følgjer helsepersonell ved Haukeland Universitetssjukehus som jobbar med barn og unge, i alt åtte episodar á 30 minutt. Administrerende direktør tilrår alle til å sjå serien.</p> <p>Helsefellesskapet i Bergensområdet har gjennomført sitt årlege Partnerskapsmøtet 12. Februar 2025, i Bjørnafjorden. Nær 100 deltagera var til stede for å diskutere samhandling mellom de 18 kommunane og spesialisthelsetenesta <a href="#">Partnarene i helsefellesskapet - Saman</a> Administrerende direktør leia møte, og beskreib det som et godt og viktig møte med god dialog om felles retning.</p>

	<p>Tysdag 11. Februar 2025 blei Engenhuset offisielt opna. Engenhuset er både sentralt og tilgjengeleg. Både til plasseringa i sentrum, nærleiken til andre tilbod og ikkje minst – alt som er samla av fag og kompetanse innom veggane i Engenhuset, der Avdeling for rusmedisin flytta inn før jul med både fleire behandlingstilbod, forskning og kompetansesenter. Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre fekk æra av å klippe snora.</p> <p>Administrerande direktør gjekk gjennom verksemdsrapport med ventetider og fristbrot. Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre la i helsetalen sin onsdag 15. januar fram klare prioriteringar for helsevesenet i 2025. Redusert ventetid, betre samhandling med kommunane og rett ressursbruk er tema sjukehuset har høgt på dagsordenen. Samtidig er det heilt avgjerande å sikre god tilgang på kvalifisert helsepersonell for å møte dei krava som stillast. Administrerande direktør er også oppteken av å løfte det gode arbeidet som blir gjort i sjukehuset, for pasientane.</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Brukarutvalet er oppteke av korleis sjukehuset løyser utfordringane med å få tak i utstyr og medikament.</i></li> <li>- <i>Det bør synleggjerast ut til befolkninga kva det kostar sjukehuset at ein ikkje møter til tildelt time. Brukarutvalet vil sjølv vurdere om å lage eit oppslag i media om dette temaet.</i></li> <li>- <i>Det kan vere utfordrande å ringje sjukehuset i helg, for å melde om avbod dersom ein har time måndag. Eit forslag kan vere å opprette ei eiga telefonlinje.</i></li> </ul> <p><b>Avgjerd:</b> <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tek den til orientering.</i></p>
25/13	<p><b>Revidert strategi for ernæring</b> v/ seksjonsleiar Linn Anja Slåke Vikøren</p> <p>Arbeid med ny ernæringsstrategi går føre seg. Brukarutvalet har tidlegare vore ein viktig pådrivar og støttespelar inn mot ernæringsbehandling. Klager for Brukerutvalget i 2003 er bakgrunn for at den første ernæringsstrategien kom på plass, siste revisjon 2015. Revidert strategi skal bidra til å nå måla i Helse Bergens utviklingsplan 2022-2035 og bidra til at Helse Bergen følg opp føringar innan ernæringsområdet frå myndighetene.</p> <p>Fokusområdet for ny ernæringsstrategi:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Rett mat til rett pasient</li> <li>2. Ernæring som integrert del av behandlinga</li> <li>3. Klinisk ernæringsfysiolog som ressurs</li> </ol> <p><b>Avgjerd:</b> <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tek den til orientering. Brukarutvalet ynsker å sende innspel til strategien når strategien føreligger.</i></p>
25/14	<p><b>Program Sentralblokk</b>a v/spesialkonsulent Helge Bergmann</p> <p>Fleire av deltakarane i Brukarutvalget er ny i år, og Bergmann hadde ein gjennomgang av strategiplan heilt tilbake frå 2020.</p> <p>Det har vore jobba med konseptfase for Sentralblokk a i 2024. Alternativa er vurderte i forhold til målsetjingane for konseptet, og i kva grand alternativet blir vurdert som betre eller dårlegare enn dagens situasjon.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Alternativ 1 sentralblokk a, verkstedstomta og Lokket</li> <li>1. Alternativ 2 Nye sengekors på Sentralblokken</li> <li>1. Alternativ 3 Nybygg sørtomta</li> </ol> <p>Alternativ 3 er tilrådde då det gir størst moglegheitsrom, kan komme framskriving i møte og gir enklast ombyggingsfase ved at større delar kan flytte ut av Sentralblokken. I 2025 skal det jobbast med utdjujing av valt alternativ.</p>

	<p>Innspel i møtet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <i>Vindauge og moglegheit for frisk luft. Obs teknologi opp mot ein god søvn miljø-blått lys i taket blir ikkje godt opplevd for søvn. Lys på tekniske apparat må justerast ned. Regulering av rom temperatur.</i></li> <li>1. <i>Einerom – kontra fleirsengsrom-må prioritere kven som har behov for einerom. pårørande-behov for tilpassa rom ved alvorleg samtalar-behov for å trekkje seg tilbake.</i></li> <li>1. <i>Tilrettelegging for rullestolbrukarar.</i></li> <li>1. <i>Parkerings-manglar parkeringsplassar-utfordrande med t.d. pårørande /barn. Handikap plassar blir tidvis sperra av anleggsarbeidarar som jobbar på sjukehusområdet, noko som eit problem for brukarane av plassane.</i></li> </ol> <p><b>Avgjerd:</b>  <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tek den til orientering. Brukarutvalet vil sjølv vurdere å sende ei samla tilråding/ønske til sjukehuset om å endre talet på parkering og forhold mellom vanleg parkeringsplassar og handikap parkering.</i></p>
25/15	<p><b>Høyringsinnspel; endringar i Norsk pasientskadeerstatning (NPE) forskrifta (oppnemning av brukarrepresentantar) v/spesialrådgjevar Pål Farsund.</b></p> <p>Pasientskadenemnda behandlar klagar over vedtak i Norsk pasientskadeerstatning. Nemnda har vanlegvis tre medlemmer, eller fem medlemmer i vanskelege saker, men ei funksjonstid i tre år. Ein medlem er brukarrepresentant, ein jurist og ein medisinsk sakkunnige. NPE-forskrifta § 10(2) og § 11 (2) består av *brukarrepresentant og vararepresentantar utnemnde etter forslag frå Norsk pasientforening, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon og Forbrukarrådet. Departementsforslaget er at NPE – forskrifta § 10 (2) og § 11 (2) blir oppheva. Bakgrunn for departementsforslaget er at Norsk Pasientskadeforeninga vart avvikla i august 2023. Ekspertgruppa som evaluerte saksbehandlinga i pasientskadeordninga har tilrådd offentleg utlysing av verv. For framtidig rekruttering skal forslaget frå ekspertgruppa vurderast før det blir teke stilling til dette. Moglege tiltak kan vere kunngjering på nett og andre digitale kanalar, sosiale medium, fagtidsskrift og lokale medium, i samarbeid med brukar- og pårørandeorganisasjonar. Forlag til høyringsinnspel: rekrutteringsgrunnlaget for brukarrepresentantar vil bli breiare, endringane kan gjere pasientskadeordninga endå betre kjent, og kan gi større openheit og tillit.</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Redd for at kompetansen frå dei ulike organisasjonane går tapt- om “alle” skal kunne søkje.</i></li> <li>- <i>Dersom open utlysing: kva kriteria/ krav ligg til grunn?</i></li> <li>- <i>Kan bidra til breiare rekruttering, men det må vere erfaring/kompetanse i botn.</i></li> </ul> <p><b>Avgjerd:</b>  <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen. Brukarutvalet sender innspel til høyring til Pål Farsund, som tek det med i ei felles høyringsfråsegn frå Helse Bergen innan 11. april</i></p>
25/16	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Flytte møtedagar 19.5 og 18.8 2025</li> <li>- Brukarmedverkar til Kvalitetsforum, Kvinneklinikken</li> <li>- Onsdag 12. Mars. Nasjonal kompetanseteneste for læring og meistring innan helse, eit gratis frukostwebinar</li> </ul> <p><b>Avgjerd:</b>  <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen. Dei er samde om:</i></p>

- |  |  |
|--|--|
|  | <ul style="list-style-type: none"><li>- <i>Nye møtedatoar; 22.05.25 og 21.08.25.</i></li><li>- <i>Leiar Eli Sjo blir vald som brukarmedvirkar til Kvalitetsforum, Kvinneklubben.</i></li></ul> |
|--|--|